

## Aprilmøte i Time historielag

Onsdag 23. april kunne leiar Tarald Oma igjen ynskja velkomen til møte i fullsett sal på Undheim samfunnshus. Denne fine vorkvelden var forfattar, historikar og tidlegare journalist Torbjørn Færøvik invitert for å fortelja om India.

Arne Garborg sin vørsong «Å nei for himmel rein og klår» høvde godt som allsong i kveld. Så fekk Undheimskoret Dekor med leiar Kari Kaald Reiten ordet og tonen, og me kunne nyta «Änglamarken» (Evert Taube) og «Det stig av hav eit alveland» (Arne Garborg).

Torbjørn Færøvik opna sitt føredrag med eit nydeleg Himalaya-foto på storskjerm. Han poengterte at India er som eit heilt kontinent: Stor variasjon i natur og geografi, folkelynne, religion, språk og kultur gjer generalisering vanskeleg.

Før 1857 var India i lange periodar del av ulike rike og dynasti, m.a. det rike muslimstyrte Moghuldynastiet som varte frå 1526 fram til britane koloniserte landet i 1857. I koloniperioden gjekk det nedover med landet og fattigdommen auka. India vart igjen sjølvstendig i 1947.

India er med sine 1450 mill. innbyggjarar verdas mest folkerike land. 80% er hinduar, 14 % muslimar, 1,7% sikher, 0,7% buddhistar og 2-3% kristne.

India vert kalla verdas største demokrati, og vart styrt av Nehru-Gandhi-familien 1947 - 1991. Så vart politikken liberalisert og det vart raskare økonomisk vekst. Nåverande statsminister Narendra Modi (Indias folkeparti) har sete sidan 2014.

Canadieren Norman Borlaug fekk fredsprisen i 1970 for sin innsats for fornying av indisk landbruk, «den grønne revolusjonen». Etterkvart har klimaendringane ført til stor usikkerheit for landbruket i India: Kortare og heftigare regntid med store flaumar, og lengre og meir intense tørkeperiodar med vassmangel, har ført med seg «vannstress» både for menneska og landbruket. Dei fattigaste må gå lengst for å henta seg drikkevatt, noko kastesystemet styrer på landsbygda. India har ca. 600.000 landsbyar, og 60% av indarane bur på landsbygda. Sjølv om 25-30 mill. bønder årleg flyttar til byar og bynære strok så giftar folk seg ennå innan same kaste. Grunna folkevandringa frå landsbygda har India som Kina starta med å byggja opp heilt nye byar i staden for å enda opp med store slumområde rundt eksisterande byar.

Eit gjennomsnittleg indisk gardsbruk er ca. 10 mål stort. Kvinnene tek 60-70% av arbeidsbyrden i jordbruket. Mennene skaffar familien inntekt gjennom lønsarbeid t.d. innan transport. Siste åra har bøndene arrangert mange store demonstrasjonar med traktortog inn til dei store byane, dei krev m.a. at minsteprisar og statlege subsidier ikkje vert fjerna.

30-40 % av kvinnene og 15% av mennene er analfabetar. Indarane har lenge dyrka eliteuniversitet og matematikk, men sjølv om landet er langt framme på mange område så får millionar av ungar ennå ikkje skulegang. I 2023 var 28% av indarane feil- eller underernærte: India har lukkast i å skapa ny rikdom men har ikkje vore flinke til å fordela rikdommen, kontrastane er store.

Stormaktene Kina og India har ei lang og dårleg definert felles grense i nord. Det er ofte konfrontasjonar i nordgrensa, så sjølv om dei «må» ha ein god relasjon er tilhøvet mellom dei to landa «så som så», fortalde Færøvik. India ynskjer i aukande grad å vera med i verda med både samhandling og handel, og vender seg nå meir mot Europa.

Færøvik viste foto og fortalde om eit av verdas vakraste bygg, mausoleet Taj Mahal frå 1600-talet i byen Agra, og runda av med ord og bilete om det å verta gjort syndfri ved bading i Ganges: Kvar 12. år vert det halde stor festival på sandbankane der dei heilage elvene Ganges og Jamuna møtest. Kvar festivaldag badar mange millionar menneske i elva og reinsar då både seg sjølv, familien og slekta i 88 generasjonar bakover for alle synder! Gjennom festivalmånaden deltek fleire hundre mill. menneske. Folk har betre økonomi enn før og kan reisa på festival, og religiøsiteten er like sterk nå som før.

Torbjørn Færøvik fekk stor applaus og takk for sitt fengslende føredrag om India.

Så var det tid for kaffipause med rykande fersk Undheimskringle, drøs og loddsal. Etter pausen song me Garborg sin «Strid for fred» før Dekor engasjert og nydeleg framførte to songar. Leiar Tarald Oma informerte om arrangement framover: Konsert i Storståvå 23.mai med Gullgutane frå Suldal som framfører eit syngespel om utvandring til Amerika. 23. august historisk dag på Undheim med m.a. amerikanske landbruksmaskinar frå Jærmuseet og amerikanske bilar. 28.september samling i Time kyrkje med presentasjon av filmen om prestegarden på Lye.

I trekninga i kveldens lotteri vart blomar, fruktfat og filmar fordelte, og særst glad vart nok vinnaren av eit nydeleg applikert bilete gitt av Herborg Kverneland.

Dekor runda av med m.a. med ein humoristisk Torvald Tu-song, før allsongen «Menuett i mai» ynskte alle vel heim.

Karen Time, Time historielag